

## **Forslag til endring i bruk av partilogo:**

**Forslagsstiller:** Targeir Attestog

### **Grunngiving:**

Logoen til Piratpartiet skal representere partiet og politikken, og det norske Piratpartiet går berre til val i Noreg. Det burde derfor vere unødvendig å ta med noko symbol som skal vere typisk norsk. Med berre to unntak er det berre to norske knøttparti (til og med mindre enn Piratpartiet) som bruker nasjonale kjenneteikn, nemleg Norgespartiet, med kart over landet i logoen, og Norges Kommunistiske Parti, med dei norske flaggfargane i kominasjon med hammar og sigd og fjell. Generelt sett har ikkje norske parti behov for å vise i logoen at dei er frå Noreg.

Eg har observert i det siste at fleire på foruma våre på nett trur at Piratpartiet er litt nasjonalistiske. Eg forstår ikkje kvifor, eigentleg, men mistenker at logoen har bidratt litt, sidan høgre-ekstreme har veldig romantisk forhold til vikingtida. Vi treng ikkje skamme oss heilt over vikingtida, for det var også handelsfolk og utforskarar i tillegg til plyndrarar blant vikingane, men vi må vere forsiktige sidan det er folk der ute med mange ulike assosiasjonar til vikingane. Ja, vi heiter jo Piratpartiet, men vi har jo ganske godt forklart grunn til det. Ein rein logo burde vere identitet nok, synest eg. Også sidan vi ikkje har med vikingskipet i namnelogoen. Den logoen har vakker skriftstil, og eg ønskjer at vi skal behalde den.

Det er her tale om logoen nedst til høgre på denne nettsida:

<https://www.piratpartiet.no/omtale-av-piratpartiet/logo-og-grafikk/>

### **Forslag til vedtak:**

Endre offisiell namnelaus logo for det norske Piratpartiet frå vikingskiplogo til den originale svenske logoen. Med andre ord at holet med vikingskipet blir tetta igjen med svartfargen frå resten av P-en.

Vikingskiplogoen kan enno brukast til arrangement der vi møter Piratparti frå andre land og gjerne også i lokale samanhengar der det er naturleg, men ikkje til politiske kampanjar og synleggjering for veljarar for partiet nasjonalt.